
Fra: Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>
Sendt: 26. oktober 2019 07:49
Til: Postmottak KMD
Emne: Vurdering av søknadsplikt for soveskur i barnehage MDM

Hei

Vi har fått spørsmål om kva reglar som gjeld for oppføring av soveskur i barnehage, for vogner. Dvs skur der ein set vognene inn når borna skal kvile i løpet av barnehagedagen. Vil eit slikt skur i form av tilbygg under 15 m2 eller som frittstående bygning på under 50 m2 vere søknadspliktig? Og i så fall, med eller utan ansvarsrett?

Rettleiaren til SAK10 § 3-1 b) angjev at tiltaket ikkje må brukast til å bu i, og viser konkret til overnatting.

Rettleiaren til SAK10 § 4-1 bokstav a) og b) angjev at tiltaket ikkje må brukast til å bu i, og viser til at bygningen dermed ikkje må innehalde kjøkken, stove soverom eller våtrom.

TEK17 § 1-3 l) legg til grunn følgjande definisjon på «rom for varig opphold»: rom for varig opphold i arbeids- og publikumsbygg er arbeidsrom og publikumsrom. Lagerrom, korridor, gang, garderobe, toalett, dusjrom og lignende er ikke rom for varig opphold. Rom for varig opphold i boenhet er stue og tilsvarende rom, kjøkken og soverom.

Kan departementet gi oss ei tolking av kva reglar som gjeld for soveskur?

På førehand, takk.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

